

## Ulstein SV sitt innspel til skulestrukturprosessen i kommunen

Fødselstal i kommunen er stabile, mellom 80 og 110 born vert fødde kvart år. Likevel vert det no planlagt i forhold til ein nedgang i barnetalet på 250 born dei komande åra. Erfaring tilseier at spådomar om framtidig elevtal i skulen ikkje slår til. Det ser ein på skulane som er bygde for små, dette gjeld både Ulsteinvik barneskule, Ulstein ungdomsskule og Hasund skule. Å ta avgjerder no for noko som kanskje kjem er uklokt, det gir dårlegare læreforhold for alle elevane i kommunen og til slutt kan det vise seg å heller ikkje gi dei økonomiske fordelane som kommunedirektøren skisserer. Å tilpasse økonomien i høve anslag over moglege innsparingar viss prognosane om barnetalsutvikling slår til er ikkje ein berekraftig strategi. Kommunen må levere tenester tilpassa dei til ei kvar tid gjeldande behov. Vi veit at det skjer endringar som påverkar elevtalet frå dag til dag. Det kan namnast:

- Det er kome og det kjem barnefamiliar som flyktingar frå Ukraina og kommunen må ha eit godt tilbod til desse borna. Å legge ned to av barneskulane vil gjere dette vanskeleg.
- Det er etablert eit nytt, relativt stort byggefelt på Skeide, der det første huset enno ikkje er ferdigstilt. Ein må vente at der kjem barnefamiliar i ein del av dei nye husa og ein kan vente at elevtalet i krinsen aukar i åra som kjem.
- Næringslivet har i det siste presentert planar for store investeringar i kommunen, det vil gi auka aktivitet i næringslivet og med det følgjer ofte tilflytting, ikkje fråflytting som skissert

Ulstein SV ønsker at det vert slått fast at dagens skulestruktur skal oppretthaldast fram til elevtalsutviklinga syner at det ikkje er **skulefagleg** forsvarleg å drive ein eller fleire av barneskulane i kommunen. Per no er dei små skulane ikkje for små til å gi god undervisning og eit godt lære- og oppvekstmiljø og dei to store skulane kan eigentleg ikkje ta imot så mange fleire elevar enn dei allereie har. For få elevar på ein skule kan utløyse behov for omstrukturering, men om samanslåing fører til maksimal klassestorleik i dei overtakande skulane vil det påverke lærartettheit, læringsmiljø og læringsutbytte. Kostnadane med dette må også takast med i kostnadsberekningane.

Ulstein SV ønsker at det er skulefaglege vurderinga som skal leggast til grunn for eit ev. vedtak om skulenedlegging.

Administrasjonen og ordføraren må flytte fokus mot innsparingar innan andre område, eller setje i verk tiltak for å skaffe meir inntekter. Det er brukt store beløp på sentrumsutvikling og signalbygg i Ulsteinvik dei siste åra. Dette kostar. Eigedomsskatt har vore naudsynt å innføre. Men det er ikkje slik at det einaste alternativet til å legge ned Haddal og Ulstein barneskule er auka eigedomsskatt. Der er andre alternativ. Ulstein SV har i dei siste budsjettprosessane spelt inn følgjande alternativ:

- Eigedomsskatt på næringsbygg, dette vil gi meir rettviss skattebyrde. Næringsdrivande har hatt stor nytte av dei kommunale investeringane i sentrum og i infrastruktur, og det er ingen grunn til at ikkje også næringseigedomar skal betale eigedomsskatt på lik linje med privatbustadar.
- Kommunen har etablert mange kommunale parkeringsplassar, både innandørs og elles i sentrum. Ulstein SV meiner at kommunen kan skaffe seg inntekter ved å ta betalt for bruk av desse parkeringsplassane.
- Ulstein kommune kan selje fjernvarmeselskapet. Å drive med fjernvarme er ikkje ei kommunal oppgåve og bør overlatast til selskap som er profesjonelle innan dette feltet. Sal av selskapet vil redusere gjelda til kommunen.
- Ulstein kommune kan bygge ned innan sektorar som ikkje produserer oppvekst- og velferdstenester. Konsekvensen av å redusere omfanget av fellesadministrative tenester vil vere dårlegare service, lenger ventetid og kanskje vanskelegare å kome i kontakt med ulike

kommunale service-organ, men dette må vegast mot konsekvensane av å kutte i budsjetta til oppvekst eller helse og omsorg.

- Kommunen budsjetterer med eit aukande overskot opp til over 9 millionar i 2025. Ein kan ikkje setje av midlar til sparing utan at lovpålagde tenester først er levert. Det er ikkje akseptabelt å legge ned to skular for at der skal verte eit overskot som kan førast til sparekontoen, eller driftsfondet som det heiter i budsjettet.

I tillegg skjer der endringar i forventa inntektsauke frå rammeoverføringane. Dagens regjering har i si regjeringserklæring lova berte økonomi til kommunane, dette vil gi moglegheiter for å behalde skulane utan å måtte kutte nokon stad.

Dei siste åra har lært oss at ting kan snu fort og ingen veit kva morgondagen bringer. Ulstein SV ønsker at elevane i krinsane får gå på nærskulen sin og vekse opp i kjende omgjevnader, og at elevane i sentrum og på Hasund får gå i klasser som ikkje kvart årssteg har maksimal klassestorleik. Å satse på borna er å satse på framtida. Kommunen ønsker å vere framtidsretta i alle sine visjonar og verdiar og dette må vise igjen også i praksis. Oppmodinga til administrasjonen er å tenke kreativt og innovativt i budsjettarbeidet og fremje kutforslag som ikkje grip direkte inn i kvardagen og «bulysta» til innbyggjarane.

Flø 24.03.2022

For Ulstein SV  
Vivian Roppen  
Styremedlem